



Arkivsaksnr.:
2022/19333

Dokumentdato:
25.01.2023

Styre:
Fakultetsstyret ved Det psykologiske fakultet

Styresak:
9/23

Møtedato:
09.02.2023

Utlysning - fast forsker ved Institutt for samfunnspsykologi

Bakgrunn

Institutt for samfunnspsykologi ønsker å lyse ut en fast stilling som forsker (stillingskode 1109 – med doktorgrad). Stillingen er tilknyttet Nasjonalt kompetansesenter for spillforskning (SPILLFORSK) og vil være finansiert av dette senteret til 2025. Det er forventninger om videre finansiering av senteret etter 2025.

I 2017 vedtok Universitetsstyret at eksterntfinansierte forskerstillinger ved UiB som hovedregel skal være faste dersom varigheten er på mer enn to år. Utgangspunktet er at den som blir ansatt, skal fortsette i fast stilling ved UiB også utover prosjektperioden. Både ledelsen og den som blir ansatt, skal arbeide målrettet for å skaffe fortsatt eksternt finansiering til virksomheten. UiB har utarbeidet en rutine for håndtering av overtallighet i eksternt finansierte stillinger, og denne iverksettes dersom det kun er 12 måneder igjen av stillingens finansiering.

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret godkjenner utlysning av en fast stilling som forsker ved Institutt for samfunnspsykologi. Stillingen er tilknyttet og finansiert av Nasjonalt kompetansesenter for spillforskning (SPILLFORSK), foreløpig ut 2025. Dekan får fullmakt til å foreta eventuelle endringer i utlysningsteksten.

Norman Anderssen
dekan

Ove Chr. Borge
fakultetsdirektør

Vedlegg:

- Brev fra Institutt for samfunnspsykologi
- Utlysningstekst



Det psykologiske fakultet

Referanse

2022/19333-ANLL

Dato

17.01.2023

Ber om utlysning av forskarstilling knytt til Nasjonalt kompetansesenter for spillforskning (SPILLFORSK)

Institutt for samfunnspsykologi ber om at det blir lyst ut ei fast forskarstilling knytt til Nasjonalt kompetansesenter for spillforskning (SPILLFORSK). Bakgrunnen er at SPILLFORSK er tildelt 9 millionar i perioden 2022-2025 i form av årlege innbetalingar på 2 250 000 kr i same periode. Tildelinga skjer via Lotteri- og stiftelsestilsynet på bakgrunn av regjeringas, ved Kulturdepartementet, sin «Handlingsplan mot spilleproblemer». Det er forventningar om vidare finansiering av senteret etter 2025.

Planlagt oppstart for stillinga er mai 2023, eller så snart utlysning- og tilsettingsprosessen er ferdigstilt.

Gode norskkunnskapar er et krav fordi stillinga inneber samhandling med norske aktørar på feltet samt evne til å setje seg inn relevante dokument på norsk, stillinga blir derfor kun utlyst på norsk. Vedlagt er utlysningstekst.

Me ber om at stillinga blir utlyst med lønnstrinn 65. Lønn skal konterast på 103820101 SPILLFORSK 2022-2025.

Venleg helsing

Torbjørn Torsheim
Instituttleiar

Anlaug Lid
Administrasjonssjef

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte



Fast forskar ved Institutt for samfunnspsykologi

Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=vtJLmcUJ3-w>

Forskar

Ved Institutt for samfunnspsykologi, Det psykologiske fakultet, er det ledig ei fast stilling som forskar. Stillinga er finansiert av eksterne midlar. Ved oppstart er stillinga tilknytta og finansiert av [Nasjonalt kompetansesenter for spillforskning \(SPILLFORSK\)](#). Stillinga har planlagt oppstart i mai 2023, eller så snart tilsetjingsprosessen er ferdig etter den tid.

Om prosjektet/arbeidsoppgåver:

- Koordinere og følge opp prosjekta og anna arbeid i senteret
- Utvikle nye forskingsprosjekt relevant for senteret
- Ha kontakt med relevante myndigheiter og andre aktørar på feltet
- Bidra til søknadsskriving
- Rettleie studentar/stipendiatar på relevante prosjekt
- Skrive forskingsartiklar/rapportar frå senteret
- Utvikle forskingsnettverk/samarbeid med andre forskarar på feltet
- Ha hovudansvar for senteret si rapportering til Lotteritilsynet og andre myndigheiter
- Ha hovudansvar for senteret sine nettsider

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må på søknadstidspunktet ha oppnådd relevant ph.d.-grad eller tilsvarande doktorgrad
- Det er ønskeleg at forskaren har vitskapelege publikasjonar innan avhengnadsfeltet, særskilt innan penge- og dataspelfeltet
- Erfaring med ulike typar analyser, arbeid med store datasett og med bruk av R er ein føremon. Det er også ein føremon med klinisk kompetanse
- Arbeide sjølvstendig, strukturert og ha gode samarbeidsevner
- Nytte engelsk skriftleg og munnleg
- Gode norskkunnskapar er et krav fordi stillinga inneber samhandling med norske aktørar på feltet samt evne til å setje seg inn relevante dokument på norsk

Vi kan tilby:

- Spannande og utviklande arbeidsoppgåver i et sterkt fagmiljø
- Stilling som forskar med stillingskode 1109 og brutto årsløn på kr 604 400 (tilsvarar lønnssteg 65) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde:

- Ei kort utgreiing om søkjaren sine forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga
- CV
- Attesterte kopiar av vitnemål og relevante attestar (søkjarar med utanlandsk utdanning må leggje ved både vitnemål på original språket og autoriserte omsetjingar)
- To referansar (namn og kontakinformasjon)
- Fullstendig publikasjonsliste
- Liste over vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysningar om kvar dei er offentleggjorde
- Vitskapelege publikasjonar (maksimalt 10)

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i Jobbnorge. Vi gjer merksam på at søknader vert vurderte med den informasjonen og dei vedlegg som er knytt til søknaden i Jobbnorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar

sitt ansvar å sørge for at all informasjon er lagt inn innan fristen.

Det er særst viktig at kvart av dei vitskapelege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden.

Følgande premiss er lagt til grunn for stillinga som forskar:

- Forskaren skal vere medlem i forskingsgruppa/senteret som fagfeltet hører innunder
- Lønsutgiftene skal så langt som mogleg vere 100 % eksternt finansiert
- Forskaren skal aktivt bidra til å innhente eksterne prosjektmidler til fagmiljøet, til både seg sjøl og andre, fra NFR, EU og andre kjelder
- Forskaren har i vente å ha si forskingsaktivitet finansiert av prosjekta forskaren og forskingsgruppa rundt forskaren arbeider med
- Instituttleiar kan pålegge forskaren arbeid inn mot bestemte forskingsprosjekt
- Forskaren kan ha verv, delta i komitear, utval m.m. innan UiB
- Forskaren har ikkje undervisningsplikt, men har i vente å rettleia bachelor-, master- og ph.d.studentar i den grad dette går inn som ein naturleg del av forskingsverksemda i forskingsgruppa
- Forskaren kan søke kompetanseopprykk etter reglementet for opprykk (forsker kode 1183)
- Grunnlaget for stillinga opphøyrer dersom prosjektfinansieringa opphøyrer, og ny lov om statens ansatte mv. om oppseiing og fortrinnsrett vil gjerast gjeldande

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

- Professor Ståle Pallesen, Staaale.Pallesen@uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskapelege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det psykologiske fakultet består av fem institutter og to senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 239229, Søknadsfrist: Ikke søkbar